

RETNINGSLINER FOR VERKEMIDDELBRUK - NÆRINGSUTVIKLING

Retningslinene gjeld frå 7.3.2017 til dei vert endra av hovudutval for næring og kultur.

1. Innleiing

Retningslinene gjeld for næringsretta midlar forvalta av hovudutvalet for næring og kultur(HNK). Retningslinene omfattar næringsretta midlar forvalta av fylkeskommunen gjennom statlege ordningar og eigne fylkeskommunale midlar.

Dette dokumentet tek opp nokre generelle prinsipp for korleis midlane skal forvaltast, og skal bidra til målretta bruk av midlane og mest mogleg sams sakshandsaming. Saman med utlysing vil retningslinene gjere det tydelegare kva midlane kan nyttast til og gjere midlane lettare tilgjengelege for målgruppene.

Retningslinene gjeld tilretteleggjande tiltak og er meint å vere ei presisering av bruk av midlar gjennom fylkeskommunen sitt budsjett og andre føringar.

Det er ikkje ein rett å få tilskot og kvar søknad skal handsamast på sjølvstendig grunnlag i tråd med retningsliner vedteke i dette notatet.

2. Overordna føringar for bruk av midlane

Regionale utviklingsmidlar forvalta av HNK skal nyttast i tråd med målstruktur og regelverk frå KMD, anna gjeldande regelverk og regionale føringar gjennom verdiskapingsplan og budsjett.

Mål KMD (på budsjettpostar forvalta av fylkeskommunen)	
Hovudmål	Delmål
1 Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta	1.1 Eit verdiskapande næringsliv i område med spreidd busetjing og store avstandar
	1.2 Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlege distriktsutfordringar
2 Omstillingsdyktige regionar	2.1 Velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse
	2.3 Nye arbeidsplassar i område som er ramma av vesentleg reduksjon i sysselsetjinga

Satsingane til fylkeskommunen:

Næringsretta satsingar
▪ Nyskaping
▪ Kunnskap
▪ Kommunikasjonsteknologi
▪ Reiseliv
▪ Sjømatnæringar

▪ Energisatsing
▪ Industri
▪ Landbruk

Desse retningslinene er overordna og generelle. For ulike satsingar og ordningar vil det vere meir detaljerte planar og retningsliner som regulerer bruken av midlar.

Prioriterte målgrupper er kvinner, ungdom og innvandrarakar.

Når det gjeld rolledeling i finansieringssaker er det laga eit eige notat i samarbeid mellom IN (Innovasjon Norge) og fylkeskommunen.

Detaljerte retningsliner for bruken av kommunale næringsfond, omstillingsmidlar og regionale forskingsfond vert heller ikkje omhandla her.

3. Utdjuping av kva som kan støttast og kva som ikkje skal støttast

Kva som vert støtta

Fylkeskommunen støttar tilretteleggjande tiltak. Med tilretteleggjande tiltak meiner vi tiltak som ofte er i ein førebuande fase, kapitaltilgangen frå private er liten og tiltaka skal nå breitt, i motsetning til bedriftsretta tiltak som rettar seg mot ei bedrift eller ei avgrensa gruppe bedrifter. Tiltaka skal vere i tråd med det strategiske planar og bidra til måloppnåing innan satsingsområda, og i hovudsak gå til mjuk infrastruktur som til dømes utviklingarbeid, kompetanseheving og marknadsarbeid. Unnataket er m.a. midlar til destinasjonsselskapa (stiar, skilting m.m.) og breibandutbygging.

Regionale utviklingsmidlar kan unntaksvis nyttast til grunnlagsinvesteringar som til dømes kaier og bygg. Dersom manglande kommunale grunnlagsinvesteringar er til hinder for sær viktige utviklingsprosjekt med betydeleg potensiale for vekst, kan utviklingsmidlane nyttast til dette i særlege tilfelle.

Større søknader skal handsamast i samband med budsjettprosessen.

Den bedriftsretta satsinga vert gjort med Innovasjon Norge som operatør, og gjennom kommunale næringsfond.

Viktige prinsipp

- **Distrikt- og regionalpolitisk verknad:** Søkjar skal synleggjere at prosjektet har distrikt- og regionalpolitisk verknad.
- **Utløysande effekt:** Tilskot frå fylkeskommunen skal ha utløysande effekt. Det vil seie at utviklingsprosjektet ikkje vil bli gjennomført utan tilskotet frå fylkeskommunen, eller at det ikkje vert gjennomført i ønska omfang eller til ønska tid.
- **Effekt over eit større geografisk område:** Nokre støtteordningar er direkte retta mot kommunane. Der dette ikkje er tilfelle vil vi prioritere prosjekt/tiltak der støtta vil ha ein regional effekt. Prosjekt som gjeld berre ein kommune eller eit mindre område får normalt ikkje støtte. Unnataket er der prosjektet har stor overføringsverdi regionalt eller

nasjonalt i form av tema eller metodeutvikling. Det same gjeld prosjektet som har store ringverknader utover det geografiske området, eller inngår som del i eit samla tilbod på regionalt eller nasjonalt nivå.

- **Miljøprofil og berekraftig drift:** Ved tildeling av midlar til næringsretta satsingar skal det leggest vekt på miljøprofil og berekraftig drift
- **Drift eller investeringar i lovpålagde oppgåver**
Den delen av regionale utviklingsmidlane som kjem frå KMD skal ikkje nyttast til ordinær drift eller investeringar i statlege, fylkeskommunale eller kommunale lovpålagde oppgåver.. Dette gjeld også når private tek over det operative ansvaret for å utføre slike oppgåver på vegne av det offentlege.
- **Driftskostnader og vedlikehald**
Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt. Vedlikehald av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehald er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag. I nokon høve kan fylkeskommunen nytte eigne fylkeskommunale midlar til godt grunngjevne tiltak med form av drift. Midlar frå KMD skal ikkje nyttast til drift utanom ein avgrensa prosentsats til administrasjon m.m.
- **Prosjekt**
Det kan bli gitt støtte til prosjekt som del av lokalt og regionalt utviklingsarbeid i inntil 5 år.
- **Gjennomføringsevne**
Det vil bli lagt vekt på at søkjar har gjennomføringsevne. Det vil mellom anna seie at det vert vurdert kva kompetanse søkjar har eller vil knyte til seg, organisering og metodebruk og sårbarheita i prosjektet. Prosjektsøknaden må vere realistisk, og risikofaktorane må vere klargjort.
- **Verdiskaping og sysselsetting**
Effekten prosjektet vil ha på verdiskaping og sysselsetting i regionen eller fylket
- **Nyskaping**
Om prosjektet er nyskapande og framtidsretta

Også utviklingsarbeid i regi av fylkeskommunen skal bygge på etablerte prinsipp, organiserast godt og vere etter tydeleg plan.

Høve til å gje administrative avslag

Fylkesdirektør for næring og kultur har høve til å gje administrative avslag dersom ein søknad ikkje er innanfor dei prioriterte satsingsområda, jf. kap. 2. Hovudutval for næring og kultur skal informerast om avslaga.

4. Finansiering

Maksimal støtte

Ved støtte til eksterne prosjekt er maksimal støttedel frå fylkeskommunen normalt 50 % av totalbudsjettet til prosjektet (eks. mva). Unnataket er forstudiar, forprosjekt, samt tiltak retta mot målgruppene kvinner, ungdom og innvandrarak. I særskilde tilfelle kan slike prosjekt støttast med ein høgare sats Dette skal grunngjevast særskilt i saksutgreiing.

Det må gjerast ei vurdering i kvart einskild tilfelle kor stor støttedelen frå fylkeskommunen kan vere (innanfor 50 %). Dette avheng mellom anna av grad av total offentleg støtte til prosjektet. Dette må sjåast i samanheng med prinsippet om utløysande effekt.

I prosjekt og tiltak i eigen regi av fylkeskommunen som utviklingsaktør kan den fylkeskommunale delen vere større enn 50 %. Dette skjer mellom anna der fylkeskommunen har ein strategisk bestillarfunksjon.

Sats for eige arbeid i prosjekt/krav til oppfølging

Godkjent timesats for eige arbeid er maksimalt kr. 600. Timesats kan reknast ut frå 1 promille av årslønn eller ved skjønn. Tal timar skal spesifiserast både i søknad og ved levering av rapport/rekneskap.

“Samfinansiering”

Med samfinansiering vert meint at prosjekt ikkje kan få støtte frå fleire kjelder som fylkeskommunen disponerer. Dette betyr at det berre i svært sjeldne tilfelle kan førekome finansiering frå fleire av desse kjeldene:

- Regionale utviklingsmidlar tildelt etter søknad til fylkeskommunen
- Avtalar med regionråda
- Innovasjon Norge
- Programarbeid i verdiskapingsplanen

Berre i særlege tilfelle kan det vere samfinansiering mellom fylkeskommunen og kommunale næringsfond. Dette gjeld der det vil ha utløysande effekt for prosjektet. Mindre prosjekt med avgrensa regional effekt bør dekkast av næringsfondet aleine.

5. Krav til søknad

Alle søknader skal sendast inn gjennom www.regionalforvaltning.no Søknaden skal legge vekt på at prosjekt er tidsavgrensa og ha merksemd på korleis gevinstane av prosjektet skal realiserast.

6. Klage

Det er klagerett på enkeltvedtak. Det skal opplysast om klagerett, og ved klage skal vanlege rutinar for klagehandsaming følgjast.

7. Tilsegn og oppfølging

Søkjjar skal få melding om vedtak så snart som råd etteravgjerd . Dette skal skje ved eit skriftleg tilsegns-, eller avslagsbrev. Dersom søkjjar får tilsegn om eit tilskot skal søkjjar skriftleg akseptere tilsegnet på dei vilkåra som er sette. Det er utarbeida eigen mal for tilsegnsbrev m.m.